



Helse Bergen  
Høgelid, Magne Ståle

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/448 - 17/3471

Saksbehandlar:  
Reidun Sæbdal  
reidun.sebdal@lindas.kommune.no

Dato:  
31.01.2017

## Tilbakemelding på avtale om finansiering av kostnader ved utlevering av LAR legemidler

Viser til dykkar brev, datert 13.01.17 med vedlagt utkast til avtale om finansiering av kostnader ved utlevering av LAR-legemiddel ved kommunal utleveringsordning.

I brevet ber samarbeidssekretariatet (SSE) om tilbakemelding på:

- 1) om kommunen ønskjer å inngå avtale med Haukeland universitetssjukehus/helse Bergen HF (HB) om utlevering av LAR-legemidler.
- 2) om eventuelle innspel til vedlagte avtaleutkast.

**Lindås kommune ønskjer å inngå slik avtale om finansiering av kostnader ved utlevering av LAR-legemidler**

### Innspel til vedlagte avtaleutkast:

Etter gjennomgåelse av avtaleutkastet har vi følgjande innspel/merknader.

#### Til pkt 4. Overordna ansvar.

I tredje avsnitt står det *at utgifter som oppstår i forbindelse med at LAR-pasientene gis sosiale tenester og et tilpasset og koordinert kommunalt helse- og omsorgstilbud, skal dekkes av pasientens oppholdskommune.*

Det er behov for ei utdjuvning av kva som ligg i dette og kven som evt. fell utanfor finansieringordninga frå foretaket. Fleire av brukarane har også andre tenester, m.a. tenester frå NAV.

#### Til pkt 5 Definerer av oppdraget

Urinprøvetaking under tilsyn. Merknad: Utleveringsordninga må kunne avgjere om det er **mulighet** for urinprøvetaking under tilsyn på utleveringsstaden (jf pkt 10 avsnitt 3 i avtaleutkastet)

#### Til pkt 6 Krav til utleveringsordning

Merknad til kulepkt 1: her bør det føyast til..., *ved tvil i samråd med AFR LAR*

*Merknad til kulepkt 4:* Det bør framgå av punktet at AFR LAR har same ansvar for jevnlege møter som helsepersonell i utleveringsordninga.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Merknad til kulepkt 5: Det står at utleveringsordninga **må vere tilstrekkeleg fleksibel**. Merknad: Kommunen må sjølv kunne definere fleksibiliteten i utleveringsordninga innan for sine rammer

**Til pkt 7. Hvilke pasienter er omfattet av tilbudet.**

Merknad til avsnitt 2: Det er vanskeleg å lese ut av dette punktet kven av LAR-pasientane som fell utanfor avtalen når det gjeld LAR-legemidlar som vert utlevert via heimesjukepleie. Dette punktet må utdjupast betre.

**Til pkt 8. Samhandling mellom partane**

Merknad til avsnitt 1: Det står at det skal vere faste møtepkt ca ein gang i halvåret. **Er dette tenkt møter på systemnivå?** Idag har utleveringsstaden regelemessige møter med AFR LAR ca 1 gg i mnd. Dette er på individnivå.

**Til pkt 10. Dekning av kostnader – fakturering**

Merknad til avsnitt 2: her forstår vi det slik at kommunen sender faktura på beslutta vedtak, sjølv om LAR-pasienten har uteblitt til avtale.

Merknad til avsnitt 4: Det bør utdjupast kva som meinast med bergepet «kriterier for hjemmesykepleie **ut fra helsetilstand**»

**Andre innspel som evt. bør vurderast å ta inn i avtalen**

- Enkelte LAR-pasientar kan vere svært vanskelege å handtere i kommunal utleveringsstad. Vi kjenner til at Bergen kommune har støtte av vakselskap i slike tilfeller. Kva ordning kan vere aktuell for kommunar utanfor Bergen ? Bør det vere med eit pkt i avtalen om dette?
- Spørsmål om tilbakeverkande kraft av avtale som blir inngått med kommunen . Viser til at finansieringsordninga der Helse Bergen overtok ansvar for kostnader ved utlevering av LAR-medisin trådte i kraft 01.10.14 (jf brev frå helse Bergen datert 21.08.14). Viser og til statsbudsjettet for 2014 (prop. 1 S (2013 – 2014))

Med helsing

Reidun Sæbdal  
einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Leni Dale

**Mottakarar:**

Helse Bergen Hf  
Helse Bergen

Postboks 1400 5021

BERGEN